

1. Soknerådsmøte 2017 12. januar – Referat

Mat: Helen

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

Sokneråd FOK	Tilstade:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	X	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre			Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	x		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1. vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
Stab FOK			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	
Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	

--	--	--	--

	Delerunde og bønn					
Sak : 1-17	Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent					
Sak: 2-17	<p>Godkjenning av referat frå møte 6. desember. Referat godkjent</p> <p>Orienteringssaker :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå stab. Alle på plass og året godt i gang. Første FOKUS i morgon og konf starter neste veke. Dåpsskule for 1. trinn med 38 % oppslutning er god start på året. Takknemlegheit for gode julegudstenestar (auke i besøkstal frå i fjor 1235(1159) på julafta og 1. juledag 175(137) 2. Givartenesta for desember : 152.700 (inkludert en enkeltsum på 25.000) . Totalt sett ca 40.000 under budsjett. 3. Menighetsfest 21. jan : Avsjekk på om alle komitear er i rute og koordinerte med kvarandre. Det må sendes ut ny påminning til menigheten om påmelding til festen, Morgan gjer dette. 4. Morgan tipsar om eit interessant seminar på Fredheim arena 8.mars. Alan Hirsch - « Jesus is Lord» . Gratis. Ein finn link med meir informasjon på facebook. 					
Sak : 3 -17	<p>Budsjett for 2017</p> <p>Detaljert budsjett er vedlagt. Det meste av drifta er basert på tala for 2016. Basert på nøkternt forbruk. Reknskapet for 2016 er ikkje formelt avslutta , men med foreløpige tal ligg det an til ca ca 30.000 i pluss (kontra budsjett -45.000). Det meste av dette kan forklarast med at det var budsjettert med 20 % musikalsk leiar heile året. Elles er det ulike driftspostar der nokon har gått litt i pluss og andre litt i minus.</p> <p>Vidare er følgjande føresetnadar lagt til grunn :</p> <table border="1" data-bbox="329 1770 1485 1917"> <thead> <tr> <th></th> <th>Beløp</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Alle stillingar vert vidareførte (untatt barnarbeider 20 % som kun er fram til</td> <td>Om lag 70.000 auke frå 2016</td> </tr> </tbody> </table>			Beløp	Alle stillingar vert vidareførte (untatt barnarbeider 20 % som kun er fram til	Om lag 70.000 auke frå 2016
	Beløp					
Alle stillingar vert vidareførte (untatt barnarbeider 20 % som kun er fram til	Om lag 70.000 auke frå 2016					

	sommaren) . Ca 70.000 i auke (noko pga dagleg leiar minka frå 10 % tol-midler i 2016 til 5 % , og elles generelle justeringar på lønn og pensjonar – budsjettert frå fellesrådet)	
	Ny stilling 40 % trusopplærer (lagt inn 0,5 år) år pga realistisk oppstart frå hausten 2017	Om lag kr 90.000 auke frå 2016
	Innleige av musikalsk ressurs til babysang –11 gonger vår og 8 gonger haust	Om lag likt som 2016. 57.000 (dette er brutto tall, det er ca 16.000 i deltagaravgift). Vert sett på trusopplæringsbudsjettet.
	Safari og Soulchildren er ikkje heilt sjølvfinansierande - støtta med 10.000 kvar frå kyrkjelyden	20.000
	Leiertrening oppretthaldt på dagens nivå (GLS, leiardøgn) i tillegg er det teke høgde for noko sponing (totalt 20.000) til unge leiarar i FOKUS som ynskjer å delta på Hillsong conference. Kursmidler for fast ansatte videreført (10.000 pr år)	105.000
	Innan barnearbeid og ungdomsarbeid er det sett av ein buffer på 10.000 ekstra innan kvart området til miljøskapande utstyr og aktivitet – Desse midlane vert disponerte av barnepastor og ungdomspastor	20.000 auke frå 2016
	<p>For å kunne ta løftet med ei ny stilling er det budsjettert med ei ekstra auke på 90.000 i givarteneste på toppen av ei 5 % auke (ca 76.000) frå det som er faktisk innsamla i 2016 (1.535.169)</p> <p>Midlar til menighetsbladet PUST er ikkje lagt inn i 2017 (kr 35.000)</p>	

	<p>FOKUS-weekend og FOKUS nyttårsfeiring må være sjølvfinansierande.</p> <p>Det er ikkje lagt inn midler til ett-åring frå hausten 2017 (ca 35.000 for et halvt år) . Dersom det er nokon av ungdommane i kyrkjelyden som er svært interesserte i å være her frå hausten, så tek vi ei beslutning på dette når det oppstår. Dvs inga «ekstern « utlysing.</p> <p>Midlar til utvikling av musikalsk teneste (deltaging på Lovsang17 evt anna) vert teke frå budsjetterte midler til 20 % stilling finansiert frå FOK.</p> <p>Det bør leggjast inn kr 16.000 til to nye PC'ar. Ein til barnepastor og ein til ny trusopplæringsmedarbeidar.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Budsjettet vert vedteke slik det står med tillegg av kr 16.000 til to nye PC'ar.</p>
Sak 70-16	<p>Arbeid vidare med mål for Frøyland og Orstad kyrkje for dei neste 5 åra</p> <p>Vi må laga ein plan for korleis vi kan bli klare til å kommunisera dette ut på Holmavatn 10.-11. februar.</p> <p>Nokon må arbeida vidare med å formulera 5-års målet – Morgan og Helen gjer dette.</p> <p>Forslag til formulering om fellesskapet : «Eit fellesskap med Jesus i sentrum som er så bra at ingen ynskjer å slutta i det verken når livet er bra eller vanskelig , og nye kjem både når livet er bra og vanskelig»</p> <p>Ekstra møte tirsdag 24. januar for å formulera 3-årsmåla.</p> <p>5 årsmålet og 3 årsmåla må være på plass til Holmavatn.</p>
Sak 4-17	<p>Årsmelding</p> <p>Det må vurderast arbeidsform og i kva omfang vi ynskjer å senda denne ut.</p> <p>For 2016 hadde Ruben Omdal ansvar for utforminga av heftet og dagleg leiar eit ansvar for å samla inn bidraga. Vart trykte opp i full distribusjon i soknet (same som Pust)</p>

	<p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet ynskjer ikkje å gå ned i kvalitet på heftet, og ynskjer å senda dette ut i full distribusjon.</p> <p>Ynskjer ei faktalinje knytt til kvart avsnitt om kor tid det er mogelig å være med på dette i 2017, evt også kontaktperson.</p> <p>Dagleg leiar sjekkar med Ruben om han har rom for å oppdatere malen frå i fjor.</p>
Sak 5-17	<p>Vidareføring med «mi bønneoppleving» eller liknande som ledd i gudstenesta.</p> <p>Bakgrunnen for å starta med dette sist vår var å eit ynskje om meir deling / vitnesbyrd i gudstenesta.</p> <p>Eventuelle andre historier som kan delast ? For eksempel viktigheten av å verta inkludert – i cellegruppe eller anna.</p> <p>Alle vert utfordra til leite opp historier / vitnesbyrd som kan delast. Morgan spør i tillegg cellegruppeleiarane.</p>
Sak 6-17	<p>Utlysing av stillingar</p> <p>Ledig stilling som 50 % musikalsk leiar og ledig nyoppretta stilling som 40 % « Godt skodd» trusopplærar</p> <p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet ynskjer at den nye stillinga vert lyst ut så snart som råd. Ynskjer også at musikalsk leiar stillinga vert lyst ut samstundes. Det er mogeleg å sjå desse stillingane i ein kombinasjon dersom ein kandidat har rette eigenskaper for begge.</p> <p>Det er også mogeleg at midlar til babysang kan tas inn i ei av stillingane og dermed auka den med om lag 10 %.</p> <p>Dagleg leiar tek utgangspunkt i tidlegare utlysingstekst og utformar nye stillingsannonsar i samarbeid med kyrkjeverge.</p>
Sak 7- 17	<p>Samarbeidsmøtet Stab/SR 31. januar vert flytta til etter leiarsamlinga på Holmavatn</p> <p>Vedtak :</p> <p>Dagleg leiar finn nye datoar som passar for stab. Sjekker om soknerådsmøtet 7. mars kan være ein god mogelegheit.</p>

	Sender og ut invitasjon til leiarane som skal være med på Holmavatn.
--	--